

Alle elevar har rett til eit
trygt og godt skulemiljø.





Føremålet med endringane

- Meir effektivt regelverk mot mobbing og betre handheving
- Lovfeste enda tydelegare krav til kva skulen skal gjere
- Styrke elevane sin rettstryggleik



Dei viktigaste endringane

- Lovfeste **nulltoleranse** mot krenkingar
- Skulen får **aktivitetsplikt** med **dokumentasjonskrav**
 - Skal ikkje lenger gjere enkeltvedtak
- Fylkesmannen blir **handhevingsmyndighet**
 - Erstatter dagens klageordning
- **Tvangsmulkt** som pressmiddel mot skuleeigar
- **Informasjonsplikt** overfor elever og foreldre
- Føresegner om ordensreglement og bortvisning flytta til kap 9A



Nye kapittel 9 A - oversikt

§ 9 A-1 Verkeområde for kapitlet

§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

§ 9 A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

§ 9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø


§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

§ 9 A-6 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

§ 9 A-7 Det fysiske miljøet

§ 9 A-8 Elevdeltaking i arbeidet med skolemiljøet

§ 9 A-9 Informasjonsplikt og rett til å uttale seg



Oversikt forts.

§ 9 A-10 Ordensreglement

§ 9 A-11 Bortvising

§ 9 A-12 Tvangsmulkt

§ 9 A-13 Straffansvar

§ 9 A-14 Erstatningsansvar og bevisbyrde

§ 9 A-15 Forskrift om skolemiljøet

Tilsvarande endringar i friskulelova



GRUNNLOVA OG BARNEKONVENSJONEN

Den tidlegare rettighetsføresegna

«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring»

Nye § 9 A–2

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».



Nulltoleranse mot krenkingar – § 9 A–3

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering»

- Skulen skal ikkje akseptere at elevar blir krenka
- Krenking skal tolkast vidt:
 - Direkte negative handlingar og verbale uttrykk retta mot eleven
 - Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking.
 - Men: Ikkje ein kvar kritisk ytring eller usemje
 - lære elevane å kunne akseptere og respektere ulike meningar og overtydningar



Fylkesmannen i Hordaland

Frå handlingsplikt og plikt til å gjere enkeltvedtak til Aktivitetsplikt i skulen



Aktivitetsplikta – § 9 A–4

- «Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med** på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og **gripe inn** mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.
- Alle som arbeider på skolen, skal **varsle** rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.
- Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast **undersøkje** saka.
- Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak **sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø**. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrd. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid».



Aktivitetsplikta – § 9 A–4

- «Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.
- Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.
- Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.
- Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid».



Aktivitetsplikta





Når inntrer aktivitetsplikta?

- 1) Tilsette har mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt
- 2) Eleven seier i frå
→ eleven si oppleving av ikkje å ha det trygt og godt på skulen utløyser alltid undersøkingsdelen av plikta!

Verkeområde – når gjeld aktivetsplikta?

- Før: Tilhøve utanfor skulen måtte ha samanheng med skulen for at det skal vere skolen sitt ansvar.
- Nytt: Omgrepet «trygt og godt skolemiljø» avgrensar ikkje årsaken til korleis elevane har det
 - Avgjerande: Korleis eleven opplev det å vere på skulen
 - Orsak til opplevinga av utryggheit, einsemd, mistrivnad o.l. ligg utanfor skulen i tid eller rom?
 - ➔ Aktivetsplikta gjeld så lenge eleven si oppleving av det å vere på skulen vert prega negativt av det
 - ➔ Digitale krenkingar utanom skuletida, men verker inn på korleis eleven har det på skulen
 - ➔ Negative opplevingar tilbake i tid kan påverke eleven si oppleving av skolemiljøet nå



Utanfor skuleområdet?

- Utanfor skuleområdet:
 - ➔ ingen plikt til å **følgje med** på at elevane har det trygt og godt
 - ➔ ikke same moglegheit eller plikt til å **gripe inn**.
- MEN: «selv om skolens aktivitetsplikt knytter seg til om eleven har det trygt og godt på skolen, er den ikke begrenset av årsaken til at eleven opplever ikke å ha det trygt og godt».
 - Prop. 57 L (2016–2017)
- «Dersom forhold utenfor skolen, f. eks. på skoleveien, gjør at eleven ikke opplever at det er trygt og godt å være på skolen, har skolen like fullt en plikt til å hjelpe eleven»
 - Prop. 57 L (2016–2017)

Kven plikta gjeld for

«Alle som arbeider ved skolen»

- Skal tolkast utvidande
 - «alle som arbeider eller yter tjeneste på skolen»
 - Alle med arbeidskontrakt + personer som jamnleg oppheld seg på skulen, SFO eller leksehjelpa
 - Innleid personell (eksternt tilsette) som t.d. vaktmeister, reinhaldarar, lærlingar, praksisstudentar.
- Viktig: Formidle til den enkelte kva som vert forventa



«følge med»

- Lovfesting av eksisterande plikt
- «Plikt for den enkelte til å være årvåken og aktivt observere hvordan elevene agerer hver for seg og seg imellom»
- Føresetnad for å få «kunnskap eller mistanke»
- Samanheng med skolens plikt til å drive et systematisk arbeid for å forebygge og avdekke
 - Inspeksjonsordningar, tilsyn i garderobar mv.
 - tidlig innsats og intervension ofte avgjerande
- Særlig sårbare elevar meir utsett



Bagatellisering v/s vilje og evne til å se

- Å bagatellisere det eleven har opplevd, er i seg sjølv ei krenking
- «Du ser det ikkje før du trur det»
- Bruk auga og øyra
 - Øve opp eit finmaska blikk
 - Samtalar
 - spør og spør ein gong til!
 - Endring i åtferd
- KD: «ikke unndra seg ansvar ved å vise til at de ikke visste hva som foregikk eller ikke hadde mistanke»

«gripe inn»

- «dersom det er mogleg»
- Omsyn til elevane og den tilsette sjøl
- Grense: «ikke skal stå i fare for å skade seg selv eller krenke elever for å få stanset situasjonen.»
 - Unntaksvise: Nødvergesituasjon kan gi grunnlag for å overskride denne grensa
- Rektor og skuleeigar sitt ansvar:
 - Rett kompetanse (§ 10–8)
 - Dei tilsette må kjenne til plikta og skulen sine rutiner for når og korleis dei bør gripe inn (§ 9 A–3 om systematisk arbeid)



«skal varsle rektor»

- All mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt!
 - (etterhaldet «når det trengst» er tatt ut!)
- Gir rektor overordna og fullstendig oversikt – sikre tiltak på rett nivå
- Lav terskel – utsegn fra eleven sjølv, tekn på frustrasjon, mistriksel m.m.
 - ➔ Skulen sitt ansvar å fange opp
- Kor raskt?
- Klåre rutinar for varsling
- Rektor kan delegere



«snarast undersøke saka»

- Einkvar mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
 - Ikkje berre ved krenkjande åtferd!
 - Låg terskel – alltid når elev seier i frå



Undersøkingar – kva og kor langt?

- Finne ut kva som ligg bak elevane si oppleving eller tilsette si mistanke
 - Handlar ikkje om å finne og vurdere bevis for eller mot at krenkingar eller mobbing har skjedd.
 - Korleis opplever eleven det å vere på skulen?
 - Kva tilhøve er det som gjer at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen?
 - Kven er direkte og indirekte involvert?
 - Sosiale strukturer i klassen/gruppa?
 - Tilhøve utanfor skuletida skuleområdet?
 - Tilhøve tilbake i tid?
- Kunnskap for å kunne velje dei rette tiltaka



Metoder for å undersøke

- Systematisk avdekking for å fange opp mekanismane
- Døme:
 - Samtalar – elevar og foreldre
 - Observasjon
 - Kartlegging, sosiogram o.l.
 - NB! Hugs på personvernet



INNBLIKK

ET SOSIAL – ANALYTISK VERKTØY FOR Å FOREBYGGE
OG AVDEKKE SKJULT MOBBING Utviklet av **Tove Flack**

STATLIG SPESIALPEDAGOGISK KOMPETANSEENTER



Universitetet
i Stavanger

Det humanistiske fakultet
Senter for øffendsforskning

Eleven sin rett til å bli høyrt

- Prop. 57 L:
- Opplysande verknad
- Eit tydeleg signal og påminning om at skulen skal utføre aktivitetar i samråd med elevar som vert påverka
 - Gjeld for plikta til å følgje med, varsle, undersøke og sette inn tiltak.
 - Kva for elever skal høyrast?
 - Gjeld for alle elevar, også elevar som har eller er mistenkt for å ha krenke andre. Desse skal ha same rettssikkerhetsvern og rett til å bli høyrt


DU ER ALDRI FOR UNG TIL Å BLI TATT PÅ ALVOR.

NULLMOBBING
NO




Et betre sikkerhetsnett

FØR



AUG. 2017





Kva skal Fylkesmannen vurdere?

- Har skulen oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A–4 og 9 A–5?
 - ➔ Kva har skulen gjort eller ikkje gjort for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø?
 - ➔ Er tiltak eigna etter ein fagleg vurdering?
 - ➔ Er tiltaka tilstrekkelege – har skulen vurdert andre tiltak?
 - ➔ Har skulen gjennomført dei aktivitetar som med rimelighet kan forventast for å sørge for at eleven får et trygt og godt psykososialt skolemiljø?
- FM skal ikkje prøve om retten er oppfylt



Fylkesmannen sitt enkeltvedtak

- Fylkesmannen kan vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø
- Skal setjast frist for gjennomføringa av vedtaket
- Fylkesmannen skal følgje opp saka
- Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, eller at ein elev skal byte skole
- Vedtaket rettast formelt mot skuleeigar
- Eleven/foreldra kan klage til Utdanningsdirektoratet
- Skuleeigar har ikkje klagerett

Ei utvida aktivitetsplikt

- Der tilsett krenkjer elev
 - «Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, **skal** vedkommande ***straks*** varsle rektor. Rektor **skal** varsle skoleeigar.»
 - Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, **skal** skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga

Utvikle plan for systematisk
arbeid med skolemiljøet



Heilskapleg arbeid



I og G av IGP

Fremje eit trygt og godt skulemiljø.

- Kva tiltak har me allereie?
- Kva kan bli betre?
- Har du forslag til tiltak?

Førebyggje mobbing og andre krenkingar.

- Kva tiltak har me allereie?
- Kva kan bli betre?
- Har du forslag til tiltak?

Handtere mobbing og andre krenkingar.

- Kva gjer me for å fange opp om elevar har det bra?
- Er det tilstrekkeleg eller treng me andre tiltak/rutinar?

